



Preg barnehager

Sammen om å sette verdifulle spor

Årsplan 2024/25

Preg barnehager Vestnes



BARNEHAGEÅRET 2024-2025

Preg barnehager Vestnes Velkommen til oss!

Hagnesvegen 122, 6390 Vestnes

Dagleg leiar: Ellen Myrstrand Taklo

Tlf. 71 18 05 09

Tlf. direkte til kontor: 45 87 23 85

E-post: vestnes@pregbarnehager.no

OPNINGSTID
06:45-16:30



Preg barnehager Vestnes vart etablert i 1977 då med namnet Tryggheim barnehage. Vi er ein to- avdelings barnehage som er godkjent for 48 plassar. Vi ligg fint til i Vestnes kommune midt i Møre og Romsdal med fjord og fjell som nærmaste nabo. Barnehagen drivast med kristent formål, og høyrer inn under Preg barnehager AS. Vi har samarbeidsavtale med Vestnes kommune og har i mars kvart år felles opptak av nye barn. På heimesida vår finn dykk meir informasjon om barnehagen.



pregvestnes.barnehage.no

OM BARNEHAGEN VÅR

Avdelingane våre

Marihøna 0-4 år

På Marihøna vert det til saman 13 barn i alderen 0-4 år og 4 vaksne i grunnbemanning dette barnehageåret. I tillegg vert det ein ekstra assistent i 100 % stilling grunna tilrettelagt barnehage tilbud.

Tlf. nr. direkte til Marihøna:
45 87 23 86



Blåklokka 3-6 år

På Blåklokka vert det til saman 25 barn og 4 vaksne i grunnbemanning. Det er også her ein ekstra personalressurs på om lag 80 % stilling grunna tilrettelagt barnehage tilbud.

Tlf. nr. direkte til Blåklokka:
Blåklokka 1: 45 87 23 91
Blåklokka 2: 45 87 23 94



Barnehagen si opningstid

- måndag- fredag 06.45- 16.30
- barnehagen er stengt julaftan og nyttårsaftan, men er open i romjula og dei tre dagane før påske.
NB! Dagen før skjærtorsdag stenger barnehagen kl.12.00 om minimum 5 barn nyttar plassen. Elles stengt.
- Barnehagen er stengt 4 veker på sommaren.
- Det er 5 planlegging/ kursdagar i løpet av barnehageåret, og då er barnehagen stengt.



«Sammen om å sette verdifulle spor»

Presentasjon av Preg barnehager

Preg barnehager AS er ei ideell barnehagekjede som blir drive på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband.
Barnehagane har ulik storleik og er spreitt rundt i store delar av Noreg.

Preg barnehager AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbedre og styrke medlemsbarnehagane. Lov om barnehager med forskrifter og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver bestemmer innhald og rammer for barnehagane våre. I samsvar med barnehageloven § 1a andre ledd, blir barnehagane drivne med eit kristent formål.

Visjonsdokumentet vårt og verdiplattformen fortel korleis det kristne formålet skal prege livet i barnehagane våre.

Preg barnehagene sin visjon er:

«Sammen om å sette verdifulle spor»

Verdiane våre er:

Nestekjærleik

Likeverd

Mestring

Verdiane våre er laga med utgangspunkt i Visjonsdokumentet, som er eit felles dokument for alle Preg barnehager.



Rammene for å drive barnehage

Grunnlagsdokumenter

Barnehagen sitt formål og innhald er fastsett gjennom Barnehageloven og Rammeplanen. Desse dokumenta er utgangspunkt for barnehagen sin daglege drift og årsplanen byggjer på desse. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnet som er fastsett i Barnehageloven og FN's konvensjon om barnet sine rettar.

Årsplanen inneheld ein oversikt over korleis barnehagane våre skal jobbe det komande året. Den er eit arbeidsdokument for personalet, og skal vise korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring. Årsplanen skal også tydeleggjere progresjon og synleggjere korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt. Tema i periodane gjennom året blir det jobba ulikt med i barnehagane og i barnegruppene, avhengig av alderen til barna og deira modning. Barna vil få nye utfordringar i dei ulike periodane som vil gi utvikling av kunnskap og ferdigheitar. Årsplanen dannar også utgangspunkt for pedagogiske planar og evaluering av periodane. Vurdering av det pedagogiske arbeid skjer blant anna gjennom bruk av evalueringar i personalgruppa, samtalar med barna, pedagogisk dokumentasjon, diskusjonar av praksis i ulike møter og evalueringar i Samarbeidsutvalet (SU).



Kvalitetsutvikling

Preg barnehager sine fokusområde

Preg barnehager har utvikla ein handlingsplan for kompetanseutvikling, leing og organisering. Du kan lese meir om fokusområda våre her: www.pregbarnehager.no

Kompetanseutvikling for Preg barnehager AS

Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane, ved å ta imot lærlingar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Daglege leiarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statlig tilskot gjennom kompetanseordningar og tiltak, er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.

Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrkjer kvaliteten i Preg barnehager.

Barnehagen som ein lærande organisasjon

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forsking og kunnskap om barn, barndom, lek, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.



System for samspelkvalitet – Emosjonell støtte

I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelpa og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeida for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar. Rammeplanen kap. 3

I Preg konsernet har me valt å jobba med nokon felles område for alle barnehagar. Me ønskjer å støtta oss til *Pianta og Hamre og tankane med at barns utvikling og læring skjer i relasjon med andre barn og gode trygge vaksne. Dei har laga eit rammeverk for interaksjon (*TTI rammeverket) som systematisk ser på korleis ein kan jobba godt med relasjonar for å fremja utvikling og læring. (*Class)

*Class er ei forkorting for *Classroom *Assessment Scoring System (*CLASS; La Paro, K., Hamre, B.K., & Pianta R.C., 2012) Dette er eit observasjons- og refleksjonsverktøy som er utvikla for å måla samspelkvaliteten mellom tilsette og barn i barnehagen. Hovudfokuset er på vaksenrolla og på ansvaret til den vaksne for å leggja til rette for og støtte alle barns utvikling av tryggleik, læring og trivsel.

*CLASS systematiserer samspelkvaliteten over ti indikatorar, fordelt på tre domene. Domena er Emosjonell støtte, Organisering og leiding og Læringsstøtte. I Preg barnehagar innfører me dette til refleksjon og systemet for kompetanseheving trinnvis, i løpet av ein treårs periode

Fokuset for barnehageåret 2024/2025

vil vere domenet Emosjonell støtte

som har fire indikatorar:

Positivt klima

Barn og vaksne viser respekt overfor kvarandre, eit miljø som blir prega av entusiasme og glede, smil og latter.

Negativt klima

Negative kjensler mellom vaksen og barn, eller barna imellom. Unngår straff, sinne, truslar og audmjukingar.

Tilsettes sensitivitet

Merksame vaksne som legg merke til og møter behovet, kjenslene og uttrykka til barna med gode reaksjonar.

Barns perspektiv og medverknad

Omsyn til interessene, motivasjonen og synspunkta til barna. Oppmuntre til at barna tek ansvar og støtte sjølvstende.

Satsingsområde

Barna tilbringer store delar av dagen sin i barnehagen og er mykje i leik og samspel med andre barn og/ eller vaksne. Vi i Preg barnehager Vestnes erfarer kor viktige vi vaksne er for at barna skal oppleve tryggleik, glede og å kjenne seg inkludert i barnegruppa. Leiken er ein stad barna opplever glede, fryd, spenning, fellesskap meistring og det motsette som sinne, tristheit, utanforskap og frustrasjon. Her kjem omgrepet sosial kompetanse inn, omgrepet kan definerast som eit sett av ferdigheiter og kunnskapar som menneske treng for å omgåast andre på ein positiv måte.

Barna jobbar for å bli sosial kompetente gjennom heile dagen i barnehagen. Dei skal lære seg prososial åtferd, sjølvhevdning, sjølvkontroll, empati, leik, glede og humor. Dette er store oppgåver som krev tett vaksenstøtte. Dei vaksne si rolle er sentral for at barna skal lære seg å kjenne igjen følelsar og å kunne gjenopprette balansen i seg sjølv.

I vår barnehage har leiken en sentral plass, og leikens eigenverdi anerkjennast. Gjennom vaksne som legg til rette, er til stade og deltakande i leiken har barna dei beste moglegheitene for å utvikle god sosial kompetanse gjennom leik.

Heile personalgruppa i Preg barnehager Vestnes vil m.a.:

- vere ein trygg og god base for barna og rettleie dei som gir uhensiktsmessige signal/ feilsignal i sin kommunikasjon med andre barn.
- leggje til rette for mykje kreativ leik, der barna får nytte mange ulike materiale som rekvisittar.
- nytte mykje det pedagogiske opplegget «Vere saman» i arbeidet med sosial kompetanse
- bruke praksisforteljingar for å synleggjere og reflektere over eigen og andre sin praksis.
- nytte Webinar ol. for å reflektere over eigen praksis.

Mål ut i frå dette satsingsområdet er:

- vaksne som er kompetente og veit kva som forventast av dei i høve barns leik.
- barn og vaksne som trivast i lag og kjenner seg som ein del av fellesskapet i barnehagen.

Satsingsområdet for dei tilsette i Preg barnehager Vestnes angående emosjonell støtte:

Indikator: barns perspektiv og medverknad.

Hovudfokus: Trygge og gode vaksne i å rettleie barn som gir uhensiktsmessige signal/ feilsignal i sin kommunikasjon med andre barn.

Heile personalgruppa vil dette barnehageåret vere med på å få ein felles forståing for dette og arbeide fram «beste praksis» som alle skal jobbe etter.



Barnehagen sin pedagogiske plattform

MÅLA I VISJONSDOKUMENTET

«Sammen om å sette verdifulle spør» er visjonen vår. I visjonsdokumentet er desse måla felles for alle:

- I barnehagane våre skal alle få oppleve kjærleik utan vilkår
- I barnehagane våre skal alle vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle
- Med Jesus som førebilete skal vi møte alle med respekt og toleranse

Desse måla skal vi alltid ha for auge i alt arbeid vi gjer i barnehagen

Preg barnehager Vestnes har jobba fram følgjande «beste praksisar» for korleis kvar enkelt medarbeidar må jobbe for å nå desse måla:

Alle skal få oppleve kjærleik utan vilkår ved at eg:

- er raus og tolmodig i møte med den andre
- tek alle på alvor og er interessert/ lyttande
- viser gjennom ord og handling at eg likar deg for den du er
- inkluderer alle i fellesskapet
- arbeider for å få gode relasjonar til alle

Alle skal vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle ved at eg:

- fortel om skapinga og kor verdifull kvar enkelt er i Gud sine auge
- syng songar med dette fokuset
- viser gjennom ord, handling og kroppsspråk at alle er like verdifulle
- har bilete, plakatar og bøker med dette temaet synleg/ tilgjengeleg
- har eit «ekstra auge» på primærbarna mine

Med Jesus som forbilde skal eg møte alle med respekt og toleranse ved å:

- la alle føle seg sett
- sjå alle som like verdifulle
- være raus, tydeleg og rettferdig
- respektere ulike meiningar og være ein god lyttar
- kunne tilgi
- vise empati og omsorg



Synet vårt på barn

I verdiplattformen skildrar vi kva for relasjonar til barn som vi ønskjer å strekkje oss etter. Det einskilde barnet er eit unikt, fullverdig menneske som skal møtast med respekt, omsorg og kjærleik. Dei skal få hjelp til å utvikle eit sunt sjølvbilete, og oppleve tryggleik og glede. Dei tilsette skal leite etter dei positive mogelegheitene i det einskilde barnet og elske fram desse. Vi vil vere vaksne som alltid har barnet sitt beste for auga. Dette skal ligge til grunn for alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet.

I Preg barnehager Vestnes vil vi kvar dag jobbe for at alle barna skal:

- få oppleve å vere ein viktig del av fellesskapet i barnehagen
- kunne kommunisere med dei andre vaksne og barna på ein tilfredsstillande måte ut i frå alder, evner og føresetnader
- få utvikle eit godt og trygt sjølvbilete
- få høyre at alle menneske er forskjellige og like mykje verd.
- få lære at Gud elsker alle like høgt uansett kva ein kan, korleis ein ser ut, kvar ein bur, kva man er flink/ ikkje så flink til, osv.
- få erfaring med å vere eit godt medmenneske, både i forhold til dei vi har rundt oss her i Norge, og dei vi har fokus på i Ung Global- prosjektet.

Overordna mål for barnehagen vår:

- å gi barna ein god kvardag ved at dei får kjenne tryggleik og omsorg slik at dei kan trivast, leike, lære og utvikle seg.
- vi vil gjere barna kjent med den kristne tru og lære.

Vaksenrollen

Vi skal vere vaksne som byggjer ein positiv relasjon til barna og meistrar balansen mellom å vere varm og tydeleg. Vi skal sjå barnet sitt perspektiv og ha medverknad i fokus. Den vaksne utøver positiv grensesetting ut ifrå barnet sine føresetnader. Dette skal vere prega av varme og respekt for barnet. Det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen med barnet, og som alltid skal vere medviten dei verdifulle spora han set.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I Preg barnehager Vestnes jobbar vi mykje etter det pedagogiske opplegget «Være saman».

Der er det er den autoritative vaksenstilen vi skal leggje vekt på i lag med barna.

Å vere ein autoritativ vaksen inneber m.a. at ein:

- har masse varme og omsorg
- er til stade både fysisk og mentalt
- er tydeleg grensesettande og viser kontroll på ein positiv måte- utan straff
- byggjer relasjonar og anerkjenner barna



Korleis arbeide med omsorg, leik, danning og læring?

Barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. I Preg barnehager sørger vi for at alle barn blir sett og inkludert slik at dei lærer og utvikler seg ut frå egne føresetnader.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen)

Omsorg

Tryggleik er utgangspunktet for barna sin trivsel og læring. Derfor kjem omsorg alltid i første rekkje. For å få trygge barn, er vi avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gir barna den omsorga dei har behov for.

Personalet i barnehagane våre skal ha fokus på korleis det einskilde barnet har det og leggje til rette for aktivitetar som inkluderer alle barn, der alle barn blir sett og høyrte. På en slik måte set vi verdifulle spor.

I vår barnehage viser personalet omsorg mellom anna ved å:

- skape gode og nære relasjonar til barna
- jobbe etter måla våre i visjonsdokumentet
- gi barna hjelp, stell og trøyst
- gi barna utfordringar med moglegheit for å lykkast
- la barna få «klare sjølv» og føle meistring
- leggje til rette for meningsfulle aktivitetar tilpassa alder og funksjonsnivå



Leik

Leik er den viktigaste aktiviteten for barna si utvikling og læring, samtidig som den er eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheiter. Når barna inngår i eit leikefelleskap, drar dei nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspill med kvarandre og med dei vaksne blir eit godt miljø for glede, læring og utvikling skapt.

Leikemiljøa i barnehagane våre skal vere inkluderande, allsidige og stimulerande. Dei vaksne skal vere deltakande og støttande i barna sin leik.



Vi ynskjer å gje leiken stor plass i kvardagen ved at personalet:

- Gir barna felles opplevingar som kan inspirere til leik
- Har forskjellige leikemateriell tilgjengeleg for barna
- Er engasjert og nysgjerrig på det barna er opptatt av
- Deltak aktivt i leiken
- Legg til rette det fysiske miljøet slik at barna kan bruke fantasi og kreativitet
- Legg til rette for leikegrupper
- Hjelper barna til å forstå sosiale spelereglar i leik
- Observerer leiken og rettleiar ved behov
- Gir særleg oppfølging til barn som ikkje deltek i leik, blir haldne utanfor, eller har dårlege strategiar for å kome inn i leik

Danning

I fellesskap med andre utviklar barnet identitet og sjølvstende. Barn samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva for tilbakemeldingar dei får av andre og kva dei opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individ med tankar, følelsar og intensjonar, og støtte barna sine forsøk på å skape mening i den verda dei er ein del av.

I barnehagane våre skal barna få kunnskap som er med på å utruste dei til å ta gode val i livet. Dette er en del av ei livslang læring og ein prosess som handlar om kven ein er og korleis ein er i møte med andre menneske. Vi ønskjer å sette verdifulle spor i barna på en slik måte, at dei sjølv føler seg verdifulle og at dei er gode nok som dei er. På den måten kan dei ta med seg sine erfaringar som eit grunnlag å byggje vidare på i livet.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I Preg barnehager Vestnes ynskjer vi at alle barna gjennom den måten dei vert møtt skal få oppleve at dei høyrer til i fellesskapet og kjenne seg verdsett for den ein er.

I tillegg ynskjer vi at barna skal få utvikle:

- toleranse for at man er forskjellige
- kritisk tenking, særleg med tanke på det dei møter gjennom media
- etisk vurderingsevne
- evne til å yte motstand
- kompetanse til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar

Alt vi gjer i løpet av ein dag er med på å danne barnet, både det som er planlagt og det som skjer spontant. Personalet i barnehagen er førebilete for barna i alt dei førete seg, og vi jobbar mykje med å få ein felles forståing for korleis det er viktig å opptre som vaksen i lag med barna. Alle menneske gjer feil, og då er det viktig både for vaksne og barn å ordne opp og be om tilgjeving.

LÆRING

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Personalet skal støtte barns sin nysgjerrighet, kreativitet og lysten å veta noe nytt, og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. (Barnehageloven § 2)

Kvardagen i barnehagane våre skal vere prega av utforskning og leik, der barna tileignar seg ny kunnskap og nye ferdigheiter. Barnehagen skal leggje til rette slik at barna får gode mestringsopplevingar innanfor trygge rammer. Vi ønskjer å sette verdifulle spor med tilsette som har god relasjonskompetanse og tid for læring.



Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I vår barnehage ser vi læring i alt vi gjer, gjennom heile dagen. Både dei planlagde og dei spontane aktivitetane som skjer i løpet av ein barnehagedag gir læring.

- Når barna undrar seg over noko, ynskjer vi som vaksne å ta dei på alvor og saman med barna undersøkje, stille spørsmål og finne svar som barna er nøgde med.
- Dei sju fagområda blir knytt til både organiserte lærings situasjonar og dei meir uformelle her -og -no situasjonane i leik og samspel i kvardagen.
- Dei vaksne i barnehagen skal ha eit aktivt forhold til barnas læringsprosessar og støtte barnas vitebegjær og lærelyst.
- Vi ynskjer å vere engasjerte og oppfinnsame vaksne som prøvar å vekkje interessa hjå barna.
- Vi brukar bøker og digitale hjelpemiddel i lag med barna med tanke på utforskning og læring.
- Læring om seg sjølv, om andre menneske, om samspel og om den fysiske verda omkring er prosessar som er med på å skape mening for barnet.

Barns medverknad

I Preg barnehager skal barna få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Barn skal få tid og rom til innspel som bidrar til at dei opplever å påverke sin eigen kvardag. I barnehagane våre skal barna kjenne at dei har ei verdifull og viktig stemme inn i eit fellesskap som er trygt og inkluderande for alle. Personalet sitt syn på barnet og sin eigen rolle som vaksen vil ha verknad for korleis barn opplever medverknad i kvardagen.

Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre og fremje barna sin nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den einiskilde sin plass og verdi i fellesskapet. (Rammeplanen)

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I Preg barnehager Vestnes meiner vi at barns medverknad i det indre liv i barnehagen kan vere det første skrittet for å få innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Her gjeld inga nedre aldersgrense. Barn gjev uttrykk for korleis dei har det både språkleg og kroppslig, og dei vaksne må vere til stade både fysisk og mentalt for å sjå og forstå.

- Leiken er barnas viktigaste uttrykksform og vi må i stor grad må ha leiken i fokus dersom barns medverknad skal kunne realiserast.
- Medverknad handlar mykje om våre haldningar til barna. Vi må ta dei på alvor, lytte og ha tid til den enkelte.
- Fokus på barns medverknad får konsekvensar for korleis vi planlegg og organiserer kvardagen og verksemda vår. Barna skal ha stor fridom i val av aktivitetar og dei vaksne må kunne vere spontane og fleksible i høve planar.
- Vi vil gje dei eldste barna erfaringar med å delta i eit demokratisk samfunn der alle si stemme er like mykje verd, og der ein av og til berre må bøye seg for fleirtalet.
- Dei eldste barna får enkelte gonger vere med gjennom heile prosessen: planlegging, gjennomføring og evaluering av f.eks. ein aktivitet/ dag i barnehagen.
- Medverknad handlar ikkje om at barna alltid skal få det slik dei vil, men skal bli møtt med respekt og anerkjenning frå dei vaksne.

Plan for det kristne innhaldet

Preg barnehager har eit kristent livssynsgrunnlag, som blir utdjupa i verdidokumentet vårt. Det betyr at barna i barnehagane våre får ein barnehagekvardag basert på kristne og humanistiske verdiar. Formål vårt, visjonen vår og verdiane våre er felles for alle barnehagane våre. Dette skal vere grunnlaget for dei val vi gjer, både i kvardagsaktivitetar og i andre planlagde aktivitetar.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

I vår barnehage arbeidar vi for at verdiane og visjonen vår skal vere godt kjent for heile personalgruppa og at vi har ei felles forståing for desse.

Måla våre for det kristne innhaldet er at barna skal:

- få høyre at Gud har skapt oss, er glad i oss og har omsorg for oss.
- bli kjent med Jesus, livet og gjerningane hans.
- bli kjent med innhaldet i dei kristne høgtidene jul, påske og pinse
- Få kjennskap til kva misjon er.



Vi har ei kristen samlingsstund i veka. Formidlinga skjer på ein udramatisk måte, og vi legg vekt på å bruke visuelle hjelpemiddel, enkle ord og god tid til samtale og undring saman med barna. Songen står sentralt og enkle bønner høyrer også med. Vi har fleire ulike pedagogiske opplegg vi kan bruke i dette arbeidet for å skape variasjon i formidlinga. Vi brukar bibelforteljingar frå både Det nye og Det gamle testamentet. Vi har progresjonsplanar for det kristne innhaldet. Desse planane er aktivt i bruk både som er ein bevisstgjeriing i høve mål og som hjelp i planlegging og gjennomføring av dei kristne samlingane.

Barnehagen jobbar kvart år med Misjonssambandet sitt landsomfattande misjonsprosjekt ungGlobal, og barna vil dette barnehageåret bli kjent med og samle inn pengar til arbeid i Sentral- Asia. I januar skal vi ha dette prosjektet, og i kalenderdelen i denne årsplanen ligg det litt meir informasjon.

Pengane til ungGlobal kan gis på forskjellige måtar: Vipps pengar på vipps-nummer #521652, eller bruke bankgiro 8220 02 90131. Merk gåva med «ungGlobal».

Tilknytning og relasjonsbygging

Barnehagen har planar både for oppstart og overgangar i barnehagen. Den første tida om hausten kallar vi tilvenningstid, eller oppstart i barnehagen. Da begynner nye barn for fyrste gong og nokre bytar avdeling. Vi legg stor vekt på å få barna til å bli trygge, både med dei vaksne, dei andre barna og rutinane våre. Også for dei "gamle" barna vert kvardagen annleis i og med at barnegruppa endrar seg frå år til år. Barn sluttar for å starte på skulen og nye venskap skal knytast. Vi vil leggje til rette og gjere det vi kan for at alle barna skal få ein positiv og god start i barnehagen, og ynskjer å ha ein god og open dialog med dei føresette. Alle barna får ei primærkontakt som har eit ekstra ansvar for ein god relasjon til barnet. Primærkontaktsystemet er ein god reiskap i arbeidet med å ha blikket på det enkelte barn og på barnets medverknad i eigen kvardag. Primærkontakten har som oppgåve å observere, lytte og halde fokus på det enkelte barns trivsel. Dette gir gode moglegheiter til å jobbe for å være i forkant og ta tak i ting tidleg.

Plan for oppstart i barnehagen

Tilvenning/ oppstart nye barn:

- Ein uformell besøksdag i utetida på føremiddagen i løpet av juni saman med ein oppstartsamtale.
- Minimum to korte dagar i lag med ein trygg vaksen når barnet skal starte i barnehagen. Avtale med dei føresette korleis ein gjer det vidare etter dette. Det er godt for barnet å bruke tid- og ha ei god tilvenning- slik at det får tid til å føle seg trygg på dei vaksne i barnehagen og den nye kvardagen. Det er individuelle forskjellar på korleis barnet taklar oppstarten, så her vert samarbeidet med dei føresette viktig.
- Vi har berre eitt/maks to nye barn pr. dag i oppstarten, slik at primærkontakta kan få tid til å bli kjent med barnet og dei føresette.

Planar for overgangar i barnehagen og til skulen

Overgang frå Marihøna til Blåklokka:

- I løpet av våren legg vi planar for at barna som skal byte avdeling etter sommaren i tur og orden får komme over til Blåklokka heile/ delar av nokre dagar i lag med ein kjent vaksen frå Marihøna. Dei får då vere med i barnegruppa på lik linje med ei andre, og får erfare korleis kvardagen er der.
- Vi legg også til rette for uformelle besøk inn til Blåklokka til frukost, på føremiddagen, i utetida, lunsjmåltid når vi ser at dette kan passe.
- Om vi får det til så prøver vi å ha primærkontaktene klare i løpet av fyrste halvdel av juni slik at dei vaksne kan bruke litt tid på å bli litt kjent med dei nye primærbarne sine før sommarferien.

Overgang frå barnehage til skule

Det er utarbeidd ei felles kommunal plan som gjeld alle barnehagane og skulane i kommunen. I tillegg er det lokale planar som gjeld for nærskulen og barnehagane som soknar til denne. Det er Helland skule som er vår nærskule og som vi har ei lokal plan i lag med. Begge desse planane finn dykk på heimesida til kommunen og vår heimeside.

Førskulegruppe

Dei eldste barna er saman ein føremiddag i veka frå utpå hausten og ut barnehageåret. Då har vi fokus på læring i høve fleire område slik at barna kan stå godt rusta den dagen dei begynner på skulen. Vi brukar eit pedagogisk materiell som heiter «Trampoline» saman med ei digital løysing som heiter «Salaby barnehage». Fleire ser fram til det å verte størst i barnehagen, og desse forventningane er viktig å ta vare på, samstundes som vi ser det som særst viktig at barna skal få vere barnehagebarn så lenge dei går i barnehagen.



Eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Den skal vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling, og motarbeida alle former for diskriminering. Personalet skal vera merksame på eigne haldningar og åtferd, både i forhold til åtferd som kan verka krenkjande og ved bruk av makt og tvang. Personalet skal handtera og følgja opp uønskete situasjonar,

*jfr Barnehagelova kap. 8, § 42. Det skal utarbeidast ein skriftleg plan i samsvar med aktivitetsplikta.

Barnehagens plan for eit trygt og godt barnehagemiljø

Vi ser på leiken som ein viktig indikator for at barna opplever at dei har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Vi har difor i tidlegare utviklingsprosjekt utarbeidd følgjande «beste praksis» for å førebyggje at barn fell utanfor i leiken:

1:

- Dele barna inn i grupper
- Organisere rom for leik

2:

- Vaksne som er til stade og følgjer med
- Observere og kartlegge barna
- Sjå kvart enkelt barn sitt behov
- Vere bevisste vaksne som veit kva utestenging er

3:

- Styrke/ ha gode relasjonar til barna og barna imellom
- Førebyggje/ ordne opp i konflikt/ usemje mellom barna
- Jobbe med sosial kompetanse i barnegruppene
- Lære barna gode strategiar for å kome inn i leiken
- Lære barna å si nei på ein god måte
- Hjelp barna å gjenkjenne andre sine følelsar
- Evaluere på avd. møter

Vi har også ein kommunal plan som tek føre seg barnas psykososiale miljø: «Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes». Planen inneheld m.a. dokument som skal vere til hjelp for tilsette visst dei oppdagar at nokon ikkje har det bra i barnehagen. Denne plana ligg på heimesida til barnehagen og kommunen si heimeside.



Inkludering

I Preg barnehager skal alle barn kjenna seg elska og verdsett som viktige deltakarar i fellesskapet. Vi arbeider med mangfald og inkludering som ein heilskapleg del av kvardagen, og målet vårt er at alle barn skal oppleva tryggleik og varetaking. Vi arbeider dagleg for å gi opplevingar som set verdifulle spor.

Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverka alle former for diskriminering og framme nestekjærleik. (Rammeplan)

Barnehagen skal vera ein inkluderande arena der barn kan knyta vennskap, trivst, utvikla seg og læra. Alle barn skal få delta ut frå føresetnadene sine. Vi skal bidra til å styrkja barns identitet, og skapa fellesskap der det er rom for alle.

Korleis ser dette ut i barnehagens praksis?

I vår barnehage jobbar vi heile tida med inkludering. Dette kjem til syne i m.a. dei «beste praksisane» vi har i høve verdiane våre og leiken - og gjennom arbeidet med omsorg, danning og læring. Vi ynskjer å heile tida jobbe for at alle føler seg inkludert, og ein del av eit VI i Preg barnehager Vestnes. På blåklokka synleggjer vi kvart år dei ulike landa som er representert i barnegruppa, då i samarbeid med foreldra til det einskilde barnet.



Progresjon

Progresjon er ein prosess som ifølgje rammeplanen skal rette seg mot barna sine opplevingar, leik og læring. Det er derfor dei tilsette sin rolle å finne barnet sitt utgangspunkt, og byggje vidare på dette slik at kvart barn får akkurat passe utfordringar, og ein god progresjon. De vaksne i barnehagane våre skal sikre progresjon ved å vere til stades og sjå barna i meistringaugneblink, dokumentere og hjelpe dei til vidare utvikling.

Tilretteleggjing i planleggingsfasen er viktig med tanke på gruppeinndeling etter interesse, kunnskapar, ferdigheiter og sjølvstøtt barnet sine eigne ønskjer. Barna i barnehagane våre må få ulike utfordringar og dei skal oppleve at dei stadig lærer meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å kunne strekkje seg etter nye mål. Progresjon skal følgje barnet si utvikling og ikkje ei bestemt aldersgruppe.

Rammeplanen skisserer sju fagområde som barna skal ha erfaring med i løpet av eit barnehageår

**Kommunikasjon,
språk og tekst**

**Kropp, rørsle,
mat og helse**

**Kunst, kultur
og kreativitet**


**Natur, miljø
og teknologi**

**Etikk, religion
og filosofi**

**Nærmiljø og
samfunn**

**Mengde, rom
og form**

Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare vil møte som fag i skulen. I barnehagen jobbar vi tverrfagleg. Dette inneber at fagområda vil gli over i kvarandre og at vi vil vere innom fleire fagområde samtidig. Vi er mest opptatt av prosessen og ikkje resultatet når vi jobbar med fagområda. I tillegg er leiken den dominerande aktiviteten i barnehagen og leik og læring heng tett saman. Det er forskjell på korleis vi jobbar med dei ulike fagområda med tanke på alder/ funksjonsnivå. Vi går frå mest fokus på det trygge og nære gjennom kroppsleg erfaring til å trekkje inn fleire element i læringa etter kvart som barna når nye utviklingstrinn. Barnehagen arbeidar med å lage ein overordna progresjonsplan for fagområda. Når denne er klar vert den lagt ut på heimesida vår.



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Felles overordna grunnlag

Årsplanen skal gi informasjon om korleis barnehagelovens føresegner om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Det skal bli lagt til rette for at barn, foreldre, barnehagen sitt personale og eigarar kan delta i planlegging, dokumentasjon og i vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemnd. Behova til barnegruppa og einskildbarnet skal observerast og vurderast fortløpande.

Vi vil vurdere og dokumentere arbeidet vårt på følgjande vis:

- Bruke ulike metodar for å observere barna slik at vi kan leggje til rette for eit barnehagetilbod i tråd med kvar einskild utvikling/ behov.
- Evaluere planane våre.
- Henge opp bilete/ lage plakatar over det vi gjer i kvardagen og i ulike prosjekt
- Dokumentere prosessen i eit arbeid/ tema med til dømes barneteikningar, tekst, bilete og anna barna har laga.
- Være representert i avisa minst to gongar i året.
- Ha informasjon liggande ute på heimesida vår.
- Bruke praksisfortellingar i personalgruppa for å vurdere eigen praksis i høve vaksenrolla og liknande.
- Legge ut bilde og informasjon på Kidplan
- Ha ei digital brukarundersøking for foreldra kvart år

Kidplan:

Vi bruker Kidplan som informasjonsplattform i barnehagen. Dette er ein digital plattform der foreldre/ føresette får mykje av informasjonen og kan kommunisere med barnehagen. Her registrerer vi oppmøte, fører fråvær og legg ut:

- Dagen i dag
 - Vekeplan
 - Bilder
 - Diverse informasjon
- I løpet av barnehageåret har barnehagen 5 planleggingsdagar/ kursdagar der barnehagen held stengd. I tillegg held vi stengd julaftan- og nyttårsaftan.

Desse dagane er ført inn i kalenderdelen i denne årsplanen.



Samarbeid

Eigar Preg barnehager

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehageloven § 7 første ledd.

Preg barnehager og den einskilde barnehage samarbeider systematisk om å gi barna eit barnehagetilbod av god kvalitet.

Dette er nedfelt i Preg barnehager sine Fokusområde.

Foreldresamarbeid

Personalet i barnehagen har ansvar for å vere opne, og skape tillit og tryggleik i høve til foreldra. Foreldra i barnehagane våre skal oppleve at dei blir sett og at dei blir tatt på alvor. Gode relasjonar til foreldra, med kommunikasjon som er prega av respekt og varme, er av avgjerande for eit godt foreldresamarbeid.

Både foreldra og personalet må forhalde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen sitt ansvar å forvalte. (Rammeplanen)

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Preg barnehager Vestnes ynskjer å legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre/føresette både på individ- og gruppenivå. Eksempel på foreldresamarbeid hos oss:

- dialog med foreldra/ dei føresette om korleis barnet har det i barnehagen, korleis det utviklar seg og trivast og korleis ein kan gjere kvardagen best mogleg for det enkelte barnet.
- to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret
- to foreldremøte i løpet av barnehageåret
- Foreldreråd: Alle foreldre/ føresette dannar det vi kallar eit foreldreråd. Foreldrerådet kan ta opp saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen, og alle foreldra kan kome med ynskjer og forslag i utarbeidinga av årsplanen. Foreldrerådet vel seg to foreldrerepresentantar til samarbeidsutvalet.
- Samarbeidsutval: Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal m.a. fastsetje årsplanen til barnehagen.









Vi meiner både personalet i barnehagen og foreldra har eit felles ansvar for barnas trivsel og utvikling, og vi ynskjer å ha ei open og god dialog som skapar forståing og respekt begge vegar. Vi ynskjer at alle skal kjenne seg som ein del av det store fellesskapet av både vaksne og barn i barnehagen.

Kommunen

Vi har eit godt samarbeid med Vestnes kommune og blir tatt med på lik linje som dei kommunale barnehagane med t.d. utviklingsarbeid, kurs og styrarmøter. Vi har felles opptak i lag med dei kommunale barnehagane i mars, og vi har eit nært og godt samarbeid med kommunen si barnehagerådgjevar.

Andre

Andre samarbeidspartnerar er t.d. PPT, spesialpedagog, barnehabilitering, helsestasjon, logoped og tverrfagleg team



August 2024

August vil hovudsakleg handle om oppstart og tilvenning på begge avdelingar. Vi har ikkje så mange fastsette planar, men fokus på å gje barna ein god start på det nye året med mykje lek og tid til å bli kjent.



Bordvers

Før maten:

O du som mettar liten fugl,
velsign vår mat o Gud
- Amen

Etter maten:

For helse, glede, dagleg brød,
vi takkar deg o Gud
- Amen

I løpet av august finn begge avdelingar fram det pedagogiske opplegget
«Henry - førstehjelp for barnehagebarn».

Dette er eit læringsopplegg for barn i barnehagen der føremålet er å auke barnas:

- hjelpevilje
- bevisstheit og kunnskap om førstehjelp
- bevisstheit om Røde Kors sine humanitære verdiar

Henry er ei stor dukke som dei vaksne



Måndag 5. og 19. august

Planleggingsdag

barnehagen er stengt

Bordvers før fruktmåltidet

Takk til Gud for frukt som gror,
takk for regn og sol og jord.
Kiwi, drue og banan,
eple, pære, skapte han.

Frukt er lang og frukt er rund,
frukt er veldig god og sunn.
Takk for frukt som er så godt,
for vår kropp som er så flott!

- Amen



Velkommen til eit nytt og spennande barnehageår!

September 2024



Veke 36

Nasjonal kampanjeveke mot mobbing

og Blåklokka sett ekstra søkjelys på dette temaet ein dag denne veka.



Veke 38

Nasjonal brannvernveke

Norsk brannvernforeining sitt pedagogiske opplegg med Brannbamsen Bjørnis som medhjelpar skal lære barna om brannvern. Vi øver også på kva små og store skal gjere når brannalarmen går her i barnehagen.

Vi har
hausttakkefest
i løpet av september



Regle

Høyt, høyt i et epletre
Der titter to små epler ned
Jeg rister i treet så godt jeg kan
Og neeeeeed faller eplene
Nam-nam-nam!

I dei

kristne samlingane

får barna på begge avdelingar
høyre om då Gud skapte jorda



Blåklokka

vil i løpet av september ha ei
fjøre-veke
veke med ulike aktivitetar i/nær fjøra.


Song

Kven har skapt alle blomane

Kven har skapt alle blomane,
blomane, blomane
Kven har skapt alle blomane,
jo Gud i himmelen!

Kven har skapt alle fuglane...
Kven har skapt alle stjernene...
Kven har skapt både deg og meg...
Jo, Gud i himmelen!



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
35							1
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	16  BRANNVERNVEKE →	17	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29
40	30						

Oktober 2024



Blåklokka



FN's barnekonvensjon

Kanin, Piggsvin og dei andre vennene opplever ting som dei fleste barn kan kjenne seg igjen i frå sin eigen kvardag, og gjennom høgtlesing, samtalar og vidare arbeid tilpassa den aktuelle barnegruppa, ynskjer vi å gjere barnekonvensjonen kjent for barna.



Regle

Haren går i bondens åker
Han sliter og drar
Han sliter og drar
Men så kommer bonden
HER FÅR INGEN HARE VÆRE!
Å hoppeti hoppeti hoppeti



Sangregle

Pinnsvinfamilie

En pinnsvinfamilie på fem
skulle ut å finne seg et hjem
Og det var pinnsvinfar
og det var pinnsvinmor
og det var Pie og Plutt og Pelle
Til middag en meitemark de fikk,
to snegler og en kakkerlakk
Det var pinnsvinfar
og det var pinnsvinmor
og det var Pie og Plutt og Pelle

Song


Vår Gud er så stor,
så sterk og så mektig,
finst ingenting han ikkje kan.
Vår Gud er så stor,
så sterk og så mektig,
finst ingenting han ikkje kan.

Fjellet er hans og dalen er hans
og stjerner som blinkar er hans,
vår Gud er så stor,
så sterk og så mektig,
finst ingenting han ikkje kan.



Hausten

er ei fin tid, og vi utforskar og
finn ut kva som skjer ute i naturen
når den førebur seg på vinteren.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
40		1	2	3	4	5	6
41	7	8	9	10	11	12	13
42	14	15	16	17	18	19	20
43	21	22	23	24  FN-dagen	25	26	27
44	28	29	30	31			

haustferie i skulen

November 2024



Begge avdelingar startar arbeidet med å lage julegaver til foreldre/føresette



Bordvers

Herre din jord bærer mat nok for alle,
takk for den delen du vil vi skal ha.
Hjelp oss å dekke et langbord i verden,
som alle kan reise seg mette fra.
Amen! Amen!



Song

Kaldt ute og varmt inne

Ute er det mørkt
for solen har glemt
å stå opp og si hei
fuglene sitter og fryser på tærne
i trærne som har pyntet seg
og vi er pakket inn i klær som klør
vi har lue og vanter mot vær som snør,
ja det må vi ha,
Når det er det er kaldt ute, kaldt ute,
vinteren kommer igjen og igjen,
men det er varmt inne, varmt inne
og der kommer du og du er min venn



Song

Hallè, hallè, halleluja
det bob-bob-bob-bob
-bobler inni meg

Hallè, hallè, halleluja
det bob-bob-bob-bob
-bobler inni meg

For eg er glad og fri,
og det er eg fordi,
Jesus elsker meg,
og deg, og alle saman

Hallè, hallè, halleluja
det bob-bob-bob-bob
-bobler inni meg

Begge avdelingar startar med
foreldresamtalar

Desember 2024



Song Kongens by

Josef og Maria på vei til Betlehem
Bål er tent på marken
Flammen varmen dem
Så går de der alene og bærer på en drøm
Nå skal de snart få se ham:
Himlens kongesønn

Refr.

Josef og Maria, de har kommet frem
De har ventet lenge
Nå har de kommet hjem
Til kongens by, til Betlehem

I en enkel hule, i en liten by
Under stjernehimlen er
Kongens by blitt ny

Refr.

Morgenlyset stiger
En baby sover søtt
Solens stråler varmer
En konge er blitt født

Refr.x2



Advent

Vi har adventsstund kvar dag med trekking av kalender, tenne adventslys, ta fram julekrybba og synge julesongar. Julebodskapen vil stå sentralt heile denne månaden. Vi vil også lage litt julepynt og julegåver, bake julekaker og pynte juletre.

Vi ynskjer alle barn og foreldre/føresette

**ei rikig god jul og
eit godt nytt år!**



Ein dag i løpet av desember vert det

Nissefest

Då får alle ha på seg nissekle og nissehue
og vi malar raude nissekinn på dei som vil.
Vi har også nissesamling, et nissegraut
og får besøk av nissen.

Kyrkjebesøk

I løpet av desember vert det
barnehagegudsteneste for barna
på Blåklokka i Vestnes kyrkje.



Marihøna får besøk av diakonen som har samling
om julebodskapen i barnehagen.



Fredag 13. desember

Lucia- feiring

på Blåklokka. Dei eldste barna
går Lucia- tog til «Stella Maris»
(sjukeheimen i Helland sentrum)
-og dei andre på Blåklokka går
Lucia- tog inn til barna på Marihøna.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
48							 1. søndag i advent
49	2	3	4	5	6	7	 2. søndag i advent
50	9	10	11	12	 LUCIAFEIRING	13	 3. søndag i advent
51	16	17	18	19	20	21	 4. søndag i advent
52	23	24	25	26	27	28	29
		Julaftan 	1. juledag <h1 style="color: red;">Juleferie</h1>	2. juledag			
1	30	31					
	Nyttårsaftan 						

Januar 2025

ungGlobal- prosjekt

Heile barnehagen skal i veke 2, 3 og 4 ha unGGlobal-prosjekt der vi samlar vi inn pengar til Misjonssambandet sitt arbeid i Sentral-Asia. Sentral-Asia er stengd for misjon, men kristne fagfolk som kan være med og utvikle landa er velkomne. Misjonssambandet arbeider difor gjennom kristne fagfolk, bistand og samarbeid med lokale kristne. Dei driv førskulesenter med leik og undervisning for førskulebarn, underviser kristne i bibelkunnskap og held kurs for foreldre der dei får innsikt i kor viktig det er å ha eit godt samspel med barna, med mål om å forhindra oppdragarvald.

Pengane som blir samla inn barnehageåret 2024-25 går m.a. til at:

- fleire barn i Sentral-Asia blir kjent med Jesus
- barn og unge i Sentral-Asia få ein betre skulekvardag
- barn og unge i Sentral-Asia får ein betre kvardag heime

Korleis barnehagen skal samle inn pengar vert planlagt i lag med dei eldste barna, personalet og foreldra.



Song

Gud har skapt meg

Gud har skapt meg sånn som jeg er!
Øyne, ører og bitte små tær.
Han har sagt: vær den du er!
Derfor takker jeg Han.

Han skapte det hele, alt jeg kan se.
Han ville eg skulle ta del i det.
Han har gitt meg et oppdrag
Gå ut og fortell!
Si det til alle,
Vær deg selv!

Tekst/ melodi: Solveig Westby

Godt nytt år alle saman!

Februar 2025



Vi håpar på fint vinterver
slik at vi kan leike mykje ute i snøen.

Veke 8 har **skulen vinterferie**

Barnehagen har vanleg opningstid,
resten av veka men ynskjer beskjed
om nokre tek ferie.

Internasjonalt fokus

Blåklokka har internasjonalt fokus i løpet av februar.
Då set vi av god tid til å høyre frå dei ulike landa vi
har barn med tilknytning til. Det er så kjekt og
lærerikt for store og små å bli kjent med dei ulike
nasjonane som er representert i barnegruppa vår.



6. februar

Samanes nasjonaldag

vert markert med samling om samar,
ulike aktivitetar og varm lunsj på både
Blåklokka og Marihøna.

Å telle til tre på samisk:

- 1- OKTA (uttalast: åkta)
- 2- GUOKTE (uttalast: gvekte)
- 3- GOLBMA (uttalast: gålbma)

Å sei «God dag» på samisk:


BUORRE BEAIVI
(uttalast: borre beivi)

Blåklokka har ekstra fokus på
rim og regler og leik med språket
denne månaden.



Karneval

- det vert karneval i barnehagen
ein dag denne månaden



Regle

Mauren
Liten?
Jeg?
Langtifra.

Jeg er akkurat stor nok.
Fyller meg selv helt
på langs og på tvers
fra øverst til nederst.

Er du større enn deg selv kanskje?

- Inger Hagerup

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
5						1	2
6	3	4	5	6  Samanes nasjonaldag	7	8	9  MORSDAG
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20 Kong Harald har bursdag	21	22	23
9	24	25	26	27	28		

vinterferie i skulen

Mars 2025



Dikt Frøet

Jeg ligger bare her og gror,
og drikker vann og spiser jord.
Her er så mørkt og varmt og vått,
her er så fredelig og godt
I natt kom regnet lett på tå,
og banket ganske sakte på.
Det hvasket til meg: "Lillebror,
en vakker dag blir du så stor.
At du kan løfte taket vekk,
og i en bitte liten sprekk.
Skal hele verden åpne seg

Det vert eit **FORELDREMØTE**
i løpet av mars.



Song

Melodi: «Jeg er havren»

Gul og fin som sola det er eg,
Hestehoven alle kjenner meg.
I kvar liten grøftkant eg står,
Minner barna om at det er vår.



11. mars

markerer vi barnehagedagen

Denne er i regi av Utdanningsforbundet,
og føremålet er å synleggjere kva barna får
oppleve, erfare og lære i barnehagen.



Påske

Vi brukar god tid og startar allereie denne månaden
med å høyre om kva som skjedde dei ulike dagane
før påske, syng påskesongar og lagar påskepynt.



Song frå «Være saman»:

Vi er venner

Refr.

./:Vi er venner, vi er saman,
Det er fint at vi er her.
Vi kan springe, vi kan hoppe,
vi kan klatre opp i trær:./:


Det er godt at venner finnes,
men fortell kva er en venn?
Det er en som eg kan GLEDE,
og som gleder meg igjen

Refr.

Det er godt at venner finnes,
men fortell kva er en venn?
Det er en som eg kan TRØSTE,
og som trøster meg igjen.

Refr.

Det er godt at venner finnes,
men fortell kva er en venn?
Det er en som eg kan HJELPE,
og som hjelper meg igjen.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
9						1	2
10	3	4	5	6	7	8	9
11	10	 11	12	13	14	15	16
12	17	18	19	20	21	22	23
13	24	25	26	27	28	29	30
14	31 Kursdag Preg bhg. Møre og Romsdal						

April 2025



På golgata stod det eit kors

På Golgata stod det eit kors.
Jesus døde på korset.
I hagen var det ei grav.
Jesus lå i den grava.
:/:Men korset er tomt og grava er tom,
Jesus stod opp og han lever :/:

Påska

er ei viktig kristen høgtid.
Vi ynskjer å la barna få høyre om kvifor
vi feirar påske, og har fokus på at Jesus
stod opp igjen.
At Jesus stod opp frå dei døde og
verkeleg var Guds son er heilt
avgjerande for den kristne trua, og det
ynskjer vi å formidle til barna.



Vi startar tilvenninga til Blåklokka
for dei som skal byte avdeling frå hausten. Då får
barna etter tur bli med inn og besøke dei på
Blåklokka i lag med ein trygg vaksen frå Marihøna.

Ein dag før påske har vi

gul fest!

Barna kan kome med gule klede,
vi pyntar i gult og et gul mat til lunsj.

8. april

Leirdag på Vestheim

for førskulebarna i Preg- barnehagar
i Møre og Romsdal. Då får dei ein heil dag
med leiraktivitetar i lag med dei som er tilsett
i Misjonssambandet Ung. Dei får ein smakebit på
kva som brukar å skje på leir, og ein treff barn frå
andre Preg- barnehagar.



Song

Gleden bobler - kongen kommer!

:/: Jeg kan kjenne gleden boble
For vår konge kommer nå:/: x 2

Finn din kappe, legg den ned
Vis at du vil være med
Vift med palmegrene
Kongen kommer ridende

Han er fremme, bruk din stemme,
Rop ut Hosianna! x 4

Refreng:

:/: Jeg kan kjenne gleden boble
For vår konge kommer nå:/: x 2

Finn din kappe, legg den ned
Vis at du vil være med
Vift med palmegrene
Kongen kommer ridende

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
14		1	2	3	4	5	6
15	7	8 BARNEHAGELEIRDAG	9	10	11	12	13 Palmesundag
16	14	15	16  Barnehagen stenger kl. 12.00 v/ min. 5 barn	17 Skjærtorsdag	18 Langfredag	19	20 1. påskedag
17	21 2. påskedag	22 PLANLEGGINGSDAG - barnehagen er stengt	23	24	25	26	27
18	28  BRANNVERNVEKE →	29	30				
					Foreldresamtalar gjennomførast i april/mai		

Påskeferie

Mai 2025



Regle

Jeg har et lite eple,
som jeg har fått av mor.
Der inne er et frøhus,
hvor ti små frøbarn bor.
I hvert et rom i huset,
to frøbarn hvile får.
Der ligger de og drømmer
om sol og lys og vår.

Song

Lille Petter Edderkopp



Lille Petter Edderkopp,
han klatret på min hatt.
Så b'ynte det å regne,
og Petter ned han datt.
Så kom sola og
skinte på min hatt.
Da ble det liv i Petter-kopp,
han klatret på min hatt.



Mai- frukost

I løpet av mai legg barnehagen opp til at foreldra får kome ein dag og ete frukost i lag med barna sine.

17. mai

I barnehagen førebur vi oss til 17. mai ved å rydde søppel langs vegen, øve på å gå i 17. mai- tog, synge nasjonalsongen, prøve nokre 17. mai -leikar og lære litt om kvifor vi feirar 17. mai.

På 17. mai stiller barnehagen med eiga fane i 17. mai -toget.



Song

Måne og sol

Måne og sol, vindar og hav
og blomar og born skapte vår Gud.
Himmel og jord, allting er hans,
Herren vår Gud vil vi takka.
Herre, vi takkar deg,
Herre vi prisar deg, Herre,
vi lovsyng ditt heilage namn!

Jesus, Guds Son, død på ein kross
for alle, for oss, lever i dag.
Ja, han er her, ja, han er her,
Herren vår Gud vil vi takka.
Herre, vi takkar deg,
Herre vi prisar deg, Herre,
vi lovsyng ditt heilage namn!

Anden, vår trøyst, levande varm
og heilag og sterk, talar om Gud,
leier oss fram dag etter dag,
Herren vår Gud vil vi takka.
Herre, vi takkar deg,
Herre vi prisar deg, Herre, vi
lovsyng ditt heilage namn!

*Dette er ein fin song der heile treeinigheita
Gud, Jesus og Den Heilage Ande er med.*

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
18				1 Offentleg høgtidsdag	2	3	4
19	5	6	7	8 Frigjeringsdag 1945	9	10	11
20	12	13	14	15	16	17  Grunnlovsdag	18
21	19	20	21	22	23	24	25
22	26	27	28	29 Kristi himmelfartsdag	30 PLANLEGGINGSDAG - barnehagen er stengt	31	
							Foreldresamtalar gjennomførast i april/mai

Juni 2025



I juni vil Blåklukka ha

Løvefest

der alle, barn og vaksne feirar at vi har eigarskap til Være Saman, og at vi kjenner og kan LØVELOVEN.

Det vert leik, samling og REGNBUELØVAS fruktfat til lunsj - og vi skriv under LØVELOVA



Løveloven

Kan du løveloven?
Jeg skal være meg,
men gi plass til andre,
slik at de blir seg.
Bry meg om en annen
hjelp hvis jeg kan.
Slik blir livet bedre

Ser du en som plages?
Det er ikke bra.
Alle må stå sammen
om å si i fra.
Alle barn på jorden
har den samme rett
til å være trygge
og til å være sett.



Sommar i barnehagen

Vi er mest mogleg ute og har ikkje så mange planlagde aktivitetar.

I løpet av juni finn vi fram det pedagogiske opplegget «Henry - førstehjelp for barnehagebarn» igjen.



18. juni

Barnehagekveld


på Vestheim kl. 17.30.

Dette er sommaravslutninga vår og det vert bildeframsying, kveldsmat, andakt og korsong. Foreldra tek med seg litt mat kvar på eit fat. Ta med sysken, besteforeldre eller andre og kom!




Pinse

I dei kriste samlingane denne månaden vert det fokus på pinse. Kanskje får førskulebarna vere med på eit opplegg i kyrkja i lag med trusopplærar

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
22							1
23	2	3	4	 5 barnehagefotografering	6	7	8 1. pinsedag
24	9 2. pinsedag	10	11	12	13	14	15
25	16	17	 18 BARNEHAGEKVELD på Vestheim kl. 17:30	19	20	21	22
26	23 St. Hans aftan	24	25	26	27	28	29
27	30						

Juli 2025



Regle

Den lille larven aldrimett

Det satt en larve på et blad,
og larven var så veldig glad!
For larvers aller beste mat,
er blader, blomster og salat.

Og larven spiste seg så mett,
at skinnet sprakk,- ja rett og slett!
Den kastet skinnet og sa «Pytt»,
«jeg har et til, helt splitternytt»!

Den lille larven ble så trett,
for maten gjorde larven mett.
Den skrudde på sitt vekkerur,
og tok en deilig sovelur.

Et hylster var dens sovetøy,
men plutselig så hørtes støy,-
fra Aldrimetts pyjamasskjul,
det fløy en vakker sommerfugl.



Song

Jesus elsker alle barna

Jesus elsker alle barna,
alle barna på vår jord.
Rød og gul og hvit og svart
er det samme har han sagt.
Jesus elsker alle barna på vår jord.



Regle

I den fine hvite sand
sitter vesle Hansemann
Han har ingen bukse på
men er bar fra topp til tå
På hans tommelfinger negl
sitter det en liten snegl
På hans hårlugg som er gul
Sitter det en sommerfugl
Viss han hoster eller ler
Sitter de der ikke mer
Derfor sitter Hansemann
Stille i den hvite sand

Da nærmar ferien seg og siste dagen er fredag 4. juli

Vi ønsker alle ein GOD SOMMAR

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
27		1	2	3	4  Siste dag før feriestengt	5	6
28	7	8	9	10	11	12	13
29	14	15	16	17	18	19	20
30	21	22	23	24	25	26	27
31	28	29	30	31			
							 Første barnehagedag etter ferien er tysdag 4. august eller onsdag 5. august

Sommerferie

**Tusen takk
for eit fint barnehageår!**

